

Vedlegg 2 til sak 41

Vurdering av innspel - Høyring og offentlig ettersyn handlingsdel i klimaplan for Vest-Telemark - frist 19.09.2025

NAMN OG DATO	OPPSUMMERING AV INNSPEL	KLIMAFORUM SI VURDERING
Kviteseid skogeigarlag 04.07.2025	Redusere talet på tiltak Frå 35 til 15-18 overordna tiltak. Klarare prioritering Samanslåing og prioritering av tiltak frå høgast prioritet til medium prioritet og lågast prioritet, basert på klimaeffekt og moglegheit for gjennomføring. Sjå forslag til samanslåing og prioritering i høyringssvar. Konkrete kvantitative mål: 80 % fossilfrie kommunale køyretøy innan 2027. 20 % reduksjon i energiforbruk i kommunale bygg innan 2027. 50 % reduksjon i restavfall per innbyggjar innan 2027. Alle kommunar tek i bruk arealrekneskap innan 2026. Forslag nye tiltak: Klimatilpassing (manglar i noverande plan): - Flom- og skredførebygging: VA-planlegging for ekstremnedbør - Vassforsyningstryggleik: Beredskap for tørkeperiodar - Grøn infrastruktur: Naturbaserte løysingar i tettstadar Tverrgåande styringsverktøy: - Klimabudsjett: Alle kommunar lagar årlege klimabudsjett - Klimascreening: Vurder klimaeffekt av alle investeringar >1 mill. kr - Klimapakt: Samarbeid med lokalt næringsliv om utsleppsreduksjon Digitalisering: - Digital første-strategi: Reduser fysiske møte og reiser - Smart teknologi: Sensorar for energi- og vassforbruk Struktur Klimatilpassing manglar Gå frå 6 til 4 hovudsatsingsområde	Redusere talet på tiltak Reduksjon av tiltak er allereie gjort, frå 59 til 35. Det er bra nok for no, sidan det framleis må vera litt forskjellig å velgje mellom for den enkelte kommune. Klarare prioritering Det skal ikkje bli endra på struktur i form av hovudsatsingsområde og måla i denne omgang, då dette er ein mindre rullering av handlingsplan. Konkrete kvantitative mål: For å få med seg alle kommunar politisk kan det ikkje vera for konkret på krav til målbare mål. Fossilfrie køyretøy er dekt slik som det står nå. Målbare tiltak er opp til kvar enkelt kommune å vurdere opp i mot kva som er mogleg og realistisk økonomisk. Det er framleis opp til kvar kommune kva dei vel å jobbe med. Forslag til nye tiltak: Fleire av dei foreslegne punkta er inne i handlingsdelen og mykje er ein del av beredskap. Struktur Klimatilpassing er ikkje ein del av den felles klimaplanen og skal ikkje med i denne mindre rulleringa. Endring av hovudsatsingsområde skal ikkje med i denne mindre rulleringa.

Vinje kommune KNF - v/Vinjelos 27.08.2025	ENØK - Gjennomført sidan sist Prosjektet Ljos i gamle hus er gjennomført, vidare prosjekt er i gang. Samarbeide Vinjelosen kan vere aktuell samarbeidspartner for å arrangere fagkveld, til dømes med tanke på kontakt med huseigarar og interessentar/potensielle tilflyttarar. Det er mange med interesse for småbruk og sjølvforsyning, og slike fagkveldar kan også fungere som ein fin møteplass også for interessentar/potensielle tilflyttarar. Forslag til nytt punkt: Sirkulærøkonomi og avfall: Nytt punkt om å oppmode huseigarar til å ta vare på eldre bygg. Gjennomføring kan vere ein informasjonskveld i året der bygningsvern og gjenbruk er tema, eventuelt i samarbeid med fagkveld knytt til sirkulærøkonomi. Huseigarar kan få rådgeving og tips knytt til kva moglegheiter dei har for å ivareta gamle hus. Dette handlar ikkje om verna hus, men hus og bygningar som folk personleg ynskjer å ta vare på. Å ta vare på gamle hus er god sirkulærøkonomi i praksis, og ein kan bidra til å oppnå målet om nettopp «frå verdilaust til verdifullt» Ombruksordning på renovasjonsstasjonane Punktet om «opprette ombruksordning på renovasjonsstasjonane» - vil dette også gjelde til dømes gamle vindauge og anna bygningsmateriell?	Innspelet er teke til orientering. Gjennomførte prosjekt blir lagt inn i lista på slutten av handlingsdelen. Samarbeide Klimaforum fylgjer opp aktuelle samarbeidspartar ved gjennomføring av tiltaka i handlingsdelen. Forslag til nytt punkt: Ljos i gamle hus jobbar allereie med dette punktet ut mot publikum, det blir ikkje teke med som eit eige punkt i denne rulleringa. Ombruksordning på renovasjonsstasjonane Innspelet er teke til etterretning. Byggemateriale i gjenbruksordning skrivast inn i punktet.
Vinje kommune KNF 28.08.2025	Landbruk – gjennomført prosjekt Vinje er pilotkommune for eit samarbeidsprosjekt for å betre bruken av unytta jordbruksareal Agriland+	Gjennomførte prosjekt blir lagt inn i lista på slutten av handlingsdelen.

Anne Skomdal Valebjørg 01.09.2025	Kantslått: Kommunane må krevje av fylket at dei lagar kontraktar med Vegvesenet om ikkje å ha kantslått før tidlegast 1. september. Skog: Kommunane må raskt jobbe mot at det blir forbode å drive hogst i hekketida.	Kantslått: Tiltaket blir omskrive til: «<i>Tilpasse</i> kantslått etter biologisk mangfald og framande artar på kommunale og fylkeskommunale vegar». Dialog og samarbeide med statsforvaltaren om kunnskapsheving knytt til rett slått på ulike stader vert lagt inn som eige punkt under gjennomføring. Skog: Det er ikkje aktuelt å leggje inn forbod mot hogst i hekketida i planen. Dette blir fylgt opp av miljøstandard i skogbruket, og krav til kurs for skogeigarane. Interesseorganisasjonar blir lagt til i 1. pkt. om berekraftig skogbruk under ansvar, slik at ein kan planlegge tverrfaglege informasjonsmøte.
Andreas Valebjørg 18.09.2025	Kantslått: Kantslått der det er framande artar (hagelupin) bør gjerast manuelt med kantklipper/ryddesag to gonger i året, tidleg vår (før blomstring) og seinsommar. Slik at ikkje hagelupin får laga frø. Elles bør ikkje kantslått bli gjort før seinsommar/hausten slik at det biologiske mangfaldet blir sikra.	Kantslått: Sjå tidlegare kommentar om kantslått.
Naturvernforbundet 19.08.2025	Planvask Få med fokus på korleis hyttebygging påverkar klimaet. Ta med eit punkt om planvask i avsnittet om arealforvaltning. Natursats Flytte natursats til gjennomføring i punkt 2 arealforvaltning om å auke kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald. Lokal mat: Legge til at kommunane skal støtte opp om ulike former for utsal av lokal mat. Punkt 6 Jordbruk. Her kan ordet «avgrense» bli byta ut med ordet «unngå». Me meiner at ein i tillegg bør seie noko om å unngå utbygging i utmark som er nytta til beite, då dette også handlar om å verne om grunnlaget for eigen matproduksjon.	Planvask blir fylgt opp i kommunane av nasjonale retningslinjer. Natursats forslaget er teke til etterretning. Lokal mat er dekt. Punkt 6 jordbruk Forslaget er teke til etterretning. Det vart lagt på ein setning om å <i>unngå</i> bygging på dyrka mark <i>og utmarksbeite</i>.

	Skog Ta med informasjon som gjeld omsyn til fugle- og dyreliv, unngå hogst i hekketida. Ulike aktørar må representerast og bidra til gode diskusjonar rundt skogdrift. ENØK Det hadde vore spanande med meir konkrete tiltak og «gulrøter», både for kommunale og private verksemder. Kommunane kunne med fordel gå saman om ein fast rådgjevar/pådrivar-funksjon. Kviteseid kommune har mykje erfaring frå gode prosjekt. Etablering av store og særskildt energikrevjande datasentre er eit tema som bør bli diskutert seinare, i samband med revisjon av sjølve planen. Landbruksplast Det er framleis eit problem med landbruksplast i naturen, særleg langs vassdrag. Rundt i bygdene finst det også mange eldre private avfallsplassar, som burde ha vore fjerna og rydda. Rapportering Alle kommunane skal rapportere på tiltak i handlingsplanen i sine årsmeldingar.	Skog Informasjon om hekketid ligger i 'berekraftig' skogbruk. Ta med interesseorganisasjonar i ansvaret for å følge opp tiltaket. ENØK innspel bør vurderast ved full rullering. Landbruksplast Ta med punkt om returordning for landbruksplast under gjennomført. Landbruksplast på avvege er dekt i punkt om ryddeordningar. Rapportering Dette blir fylgt opp i kvar kommune og blir ikkje lagt inn som eit konkret tiltak i handlingsdelen. Det kan vere lurt å skildre dette i saksframlegget på eit overordna nivå som ein klar oppfordring til kommunane å fylgje opp. Blir fylgt opp av klimaforum. Kan vere aktuelt å vurdere å leggje inn som tiltak ved full rullering
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 19.08.25	Vurdering av tiltak: Kva tiltak har hatt god effekt og kva som vidareførast. Nye statlege planretningslinjer for klima og energi (SPR-klima 2024) Kommunane må setta seg inn i desse og skal i samfunnsplanlegginga innarbeide ambisiøse og konkrete mål, tiltak og verkemiddel for klimaomstilling. Tydeligare fokus på tiltak som har direkte innverknad på klimagassreduksjon. Konkretiser til å omhandle naturmangfald som bidreg med viktige økosystem tenester som verkar inn på å dempe effektane av klimaendringar. Flytte fokus på framande artar til ein ana plan, slik som temaplan for bevaring av naturmangfald.	Vurdering av tiltak Innspelet er teke til orientering. SPR og klimagassreduksjon SPR skal kommunane uansett fylgje, og begge desse innspela fell inn under fleire av tiltaka som ligg i målsettinga om berekraftig arealforvaltning. Det er ingen av kommunane som har ein eigen plan for naturmangfald i dag. Det er nokon kommunar som har byrja arbeidet med KDP naturmangfald. Det blir ikkje teke ut tiltaka knytt til framande artar og kantslått i denne rulleringa sidan det fylgjer tema i klimaplanen. Det er berre handlingsdelen som rullerast no, ikkje dei overordna måla og kunnskapsgrunnlaget i planen. Det krev ein full rullering.

	Myr Myr og våtmark er viktige naturtypar å bevare i arbeidet med klima og klimatilpassing, både som karbonlager men og for si evne til å fordryge vatn og avgrense effektane av klimaendringane. Å kartleggje myrar, både eksisterande og myrar som har potensiale for restaurering, er eit godt konkret tiltak som vi gjerne skulle ha sett at blir inkludert i handlingsdelen.	Myr Myr og våtmark ligg under pkt. 3 i arealforvalting. Bevaring av natur, inkludert myr, blir også fylgt opp av SPR-ane og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, slik at det er ikkje naudsynt å spesifisere dette ytterlegare i denne planen.
--	---	---